



Trygve Bjørkhaug  
Anne Carlsen  
Astrups Vei 3  
5067 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6057 - 23/56707

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
05.07.2023

## **Fortsatt manglar i saken - gbnr 139/89 Tveiten nedre**

Kommunen bekrefter å ha motteke løyve frå Bergen Havn.

Det vart sendt mangelsbrev i saka den 31.05.2023 der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Viser til spørsmål om eventuell endring av ansvarsrett jf. førre mangelsbrev. Forum arkitekter har meldt ansvarsrett for PRO og SØK ved søknad om rammeløyve og dispensasjon. Utgangspunktet er dermed at dette føretaket er ansvarleg for den vidare søknadsprosessen, herunder søknad om igangsetting og seinare ferdigattest. Det er i gjennomføringsplanen ved søknad om igangsetting vist til at tiltakshavar sjølv står som SØK, PRO og UTF. Dersom det i realiteten framleis er Forum arkitekter som er ansvarleg for SØK og PRO, må desse førast opp på gjennomføringsplan ved søknad om igangsetting.

Dersom du ynskjer å stå som ansvarleg sjølvbyggjar for heile prosjektet, inkludert SØK og PRO, ber vi om tilbakemelding på dette.

Det må følgjeleg spesifiserast om du ynskjer å stå som sjølvbyggjar for heile tiltaket. Alternativt må det sendast inn ein gjennomføringsplan som syner at funksjon for SØK og PRO er dekkja av ansvarleg føretak.

Kommunen har ikkje motteke etterspurd dokumentasjon og saka er difor ikkje klar for handsaming. Frist for innsending av dokumentasjon er 01.09.2023. Dersom etterspurd dokumentasjon ikkje er motteke innan fristen vil saka bli handsama utifrå dokumentasjon som ligg i saka.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Forum Arkitekter As

Damsgårdsveien 16

5058

BERGEN

**Mottakarar:**

Trygve Bjørkhaug

Astrups Vei 3

5067

BERGEN